



Bergen, 21. desember 2011:

Forskningsstøtte til bergensbedrifter

Vørselskapet StormGeo og fiskeavlsselskapet SalmoBreed var blant vinnarane då det regionale forskingsfondet i dag delte ut 23,7 millionar kroner til forskingsprosjekt på Vestlandet.

- Det låg mange gode søknader i bunken, og prosjekta til StormGeo og SalmoBreed var to av fleire som har kombinert solid forskingsinnhald med innovasjonspotensial og tydeleg regional relevans, seier styreleiar Tom Tvedt i Regionalt forskingsfond Vestlandet.

StormGeo fekk tilsegn om 1,46 millionar, medan SalmoBreed vart tildelt ein million.

StormGeo skal gjennomføre sitt prosjekt i samarbeid med forskingsselskapet Uni Research. Formålet er å utvikle eit komplett værvarslingsystem for offshore vindkraft ved bruk av avanserte værmodellar og statistisk postprosessering.

- Vindkraft er eit uttalt satsingsområde for Vestlandet, og forskinga til StormGeo kan gi viktige bidrag til betre utnytting av ei fornybar energikjelde, seier Tvedt.

Hjartehelse hos laks

SalmoBreed har fått støtte til å forske på miljømessige og genetiske årsaker til hjarteproblem hos oppdrettslaks. I samarbeid med forskingsinstitusjonane Nofima, Norges Veterinærhøgskole og Akvaforsk Genetics Center, skal SalmoBreed mellom anna sjå på effektane av at fisken får trene i oppdrettskar med sterk straum.

- Dei kjem med nye og spennande innfallsvinklar til eit av dei største problema i oppdrettsindustrien – som ikkje berre er viktig for oss her vest, men for norsk eksportøkonomi i det heile, seier Tvedt.

13 fekk støtte

Etter å ha mottatt 32 søknader i haust, ga fondet i dag tilsegn på totalt 23,7 millionar kroner til 13 ulike forskingsprosjekt. Fleire av prosjekta inneber samarbeid over fylkesgrensene, heilt i tråd med målet om at fondet skal bidra til auka vestnorsk forskingssamarbeid. Den tematiske fordelinga var slik:

- berekraftig matproduksjon (5 prosjekt)
- offentlege utviklingsoppgåver (5 prosjekt)
- energi/maritim sektor (3 prosjekt)

Forskingskvaliteten og innovasjonsgraden i prosjekta er vurdert av panel oppnemnte av Noregs forskingsråd, medan det regionale fondet særleg har vurdert regional relevans og betydning for verdiskaping på Vestlandet.

For full oversikt over tildelinga, sjå heimesida til fondet: www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet

For meir informasjon, kontakt:

RFF Vest: styreleiar Tom Tvedt tlf. 971 99 233 eller seniorrådgivar Randi Lotsberg, tlf. 412 17 015

StormGeo: CTO Gard Hauge, tlf. 913 31 361

SalmoBreed: genetikkansvarleg Håvard Bakke, tlf. 950 87 319

Regionalt forskingsfond Vestlandet (RFF Vest)

RFF Vest er ein pådrivar for forskingsdriven innovasjon i næringsliv og offentleg sektor på Vestlandet. Fondet gir økonomisk støtte til forskingsprosjekt som kan utnytte vestnorske fortrinn og løyse utfordringar som er viktige for landsdelen. RFF Vest er ei felles ordning for dei tre fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, og samarbeider tett med Noregs forskingsråd. Dei forskningstematiske prioriteringane er vedtekne av fylkestinga i fondsregionen. I perioden 2010-2011 har satsingsområda vore berekraftig matproduksjon, offentlege utviklingsoppgåver, reiseliv og energi/maritim sektor. I 2011 har fondet støtta vestnorske forskingsprosjekt med til saman 27 millionar kroner. Sekretariatleinga held til i Bergen.

Ny kunnskap driv Vestlandet framover!